



TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437018

Partar i reguleringsplan Galanten

UGGDAL, 26.06.2018

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
16/932-29	4331/18	504	TK/EFV/MOAN	

REFERAT ETTER DIALOGMØTE MED FYLKESMANNEN OG FØRINGAR FOR FRAMDRIFT REGULERINGPLAN – GALANTEN GNR. 106 BNR. 7 M.FL.

Deltakarar : Geir Austvik, tiltakshavar
Kåre Martin Kleppe, ordførar
Steinar Dalland, rådmann
Morten Anthonessen, fagansvarleg plan

Ordførar og rådmann har vore i dialogmøte med fylkesmannen, dei har drøfta innsendt planframlegg til reguleringsendring av detaljreguleringsplan for Galanten, der føremålet med endringa er ein vidare utvikling av næringa i området.

Drifta er turisme og overnatting i ulike bygg innanfor reguleringsplan Galanten. Denne verksemda går godt og tiltakshavar planlegg ein utviding av drifta.

I tillegg til utvida plass for overnatting har tiltakshavar trong for sikre/trygge båtplassar, lendingskai for større skyssebåt og eit bygg for vedlikehald og lagring av utleigebåtar og utstyr til verksemda.

Fylkesmannen har motsegn til delar av denne utvidinga, og for å kunne gå vidare i planlegginga har Tysnes kommune trong for ein oppklaring rundt desse motsegna og bedt om dialog for å finne ein akseptabel løysing for alle partar gjennom endring eller ein presisering av valt løysing i planframlegg.

Rådmann og ordførar informerte tiltakshavar og fagansvarleg om resultat av møte med fylkesmannen i eit «undervegs møte» 21.06.18.

Følgjande punkt i planframlegget vart drøfta og må endrast eller presiserast nærare :

Bygg i eksisterande plan vist med kombinasjonsføremål er planlagt endra til bustad.

- *Fylkesmannen ber om at dette ikkje endrast i ny plan. Kommunen er samd i dette og ber om at det justerast i framlegget så dei bygg som i gjeldande plan har kombinasjonsføremål har det same i ny plan.*

I dialogmøte vart det avklart at opparbeiding av tidligare anleggsveg ned mot naustrekka som gang/traktorveg var akseptabelt, auke av areal til næringsområde 1 for planlagt utviding og parkering akseptert.

Fylkesmannen er usikker på oppsplittinga av næringsareala og ville gjerne ha eit samla areal.

- *Tiltakshavar må presisere sine val meir utdjupande, kvifor det er trong for begge areal vist med næringsføremål, og det må fastsettast eit maks tal på båtplassar i dei to småbåthamnene, tiltakshavar kan og vurdera om det eine kan vera eit reint småbåtanlegg med flytebrygger.*

Vidare er kommunen samd med fylkesmannen at tiltakshavar sine grep har trong for ein betre grunngeving.

- *Planen må vurdere omfang og trong for djupvasskai, og presisera at næringsbygg planlagt i nærleik til naustrekka er eit bygg for lager og vedlikehald av utleigebåtar og ikkje eit bygg til overnatting og turisme som andre bygg i planområdet.*

Tysnes kommune og fylkesmannen er einige om at området kan vidareutviklast, kommunen oppfatta møtet som avklarande og til god hjelp til det vidare planarbeidet.

Fylkesmannen har etter ein tidligare justering av planframlegg oppretthalde sitt motsegn utan å gå i detalj i kva punkt motsegna gjeld.

Etter dialogmøte meiner Tysnes kommune å ha avklart detaljane der fylkesmannen ber om betre grunngeving og forventar at tiltakshavar saman med sin plankonsulent følgjer dette opp gjennom presisering og justering i planomtale, føresegn og plankart der punkt gjort greie for i dette referatet er innarbeida i planframlegg og kan takast opp til slutthandsaming utan motsegn frå ytre høyringsinstansar.

Tysnes kommune ser ikkje at det etter eit revidert planframlegg kan trekkast inn nye/andre moment som ikkje vart peika på i dialogmøtet for å oppretthalde motsegn, og vil slutthandsame planarbeidet innan kort tid etter ny justert plan.

Referent: Fagansvarleg plan

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi: Rådmann her
Ordfører her

